

## **Innhald i planframlegget**

- Mål for arbeidet med arealdelen til kommuneplanen
- Informasjon om korleis planarbeidet er organisert, prosess og medverknad, lokale, regionale og nasjonale føringar, vidare framdrift med milepelar.
- I den første delen av arbeidet med arealdelen er det utvikla og forankra eit kunnskapsgrunnlag, som gir eit samla bilete over kva for verdiar vi har og som vi må ta vare på for framtida, men også føresetnader for utvikling i Øygarden. Kunnskapsgrunnlaget er nytta til å konkretisera og utdjupa arealstrategiane frå samfunnsdelen, og ligg som vedlegg til planprogrammet.
- Strategiane som er bygd opp i denne prosessen er innarbeidd som ein del av planprogrammet. Strategiane tydeleggjer verdiar vi skal bevare og utviklinga for framtida i den nye arealdelen vi skal utarbeida. I tillegg gir strategiane føringar for arbeidsoppgåver vi skal gjennomføra i arbeidet med arealdelen.
- Planprogram med strategiane set også rammer for korleis vi skal vurdere innspel om endra arealbruk og gjennomføra planvask av både gjeldande arealbruk i arealdelen og reguleringsplanar i kommunen.
- Som ein del av planprogrammet er det også utarbeidd ei metodeskildring for korleis vi skal vurdere framtidens arealbruk i denne planprosessen. Her vert metode for vurdering av byggeområde gjennom planvask og grovsiling av arealinnspel, metode og kunnskapskjelder for konsekvensutgreiing og metode for risiko- og sårbarheitsanalyse skildra.